



Meland kommune

Det er fint at du køyrer forsiktig og er obs på at små barn plutseleg kan dukka fram. Men pass på at gjerde, hekkar, buskar, tre, murar og anna på eigedomen din ikkje gjer det vanskeleg å oppdaga barn og andre trafikantar.

Hekkar, buskar og tre må heller ikkje henga ut over eigedomsgrensa, eller skjula vegmerking, trafikkskilt, vegnamnskilt eller lyskjelder. Tenk også på at utrykningskøyretøy skal koma fram.

Helsing

Meland kommune
Plan, utbygging og kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tlf.nr. 56 17 10 00

postmottak@meland.kommune.no

Besøk vår heimeside:
www.meland.kommune.no

August 2014

Trafikktryggleiken er ditt ansvar



Har du tenkt på at hekken og buskane dine kan vera ei trafikkfelle?

Kommunen oppfordrar den einskilde huseigar til å klyppe hekkar og buskar og rydde kratt langs vegane rundt eigen eigedom. Dette er særleg viktig i bustadområda.


Hekkar og buskar må ikkje veksa ut over grøftekanten eller inn i vegbanen, men klyppast ved eigedomsgrensa. Det vil seie inn til murkant, eller minimum 1 meter frå vegkant der det ikkje er mur. Det er særst viktig å klyppe ned hekkar og buskar i svingar og utkjørsler, sjå teikningane på neste side.

Hugs at:


- Hekkar må klyppast ned til 50 cm høgde i frisiktsonene.
- Greiner skal ikkje henge ut i vegbanen.
- Greiner må klyppast inn slik at fotgjengarar, rullestolbrukarar, syklistar og andre skal ikkje vert tvinga ut i vegbanen.
- Vegvedlikehaldsmaskinar skal ikkje verta hindra av hekkar, greiner og anna vegetasjon.
- Vegskilt og vegmerking må vera godt synleg.
- Greiner må ikkje skjula veglysa.

Vi ønskjer trygge og sikre skuleveggar i heile kommunen, og ønskjer at vi går saman om å minska risikoen for trafikkulykker og auka trafikktryggleiken i ditt nærmiljø.

Om du ikkje gjer dette arbeidet, vil kommunen kunna utføra det med grovt maskinelt utstyr. Men resultatet vert nok betre om du gjer det sjølv.



Flytt hekken inn på eigen tomt og plant låge blomar og plantar i frisiktsona.



Greiner må ikkje henga lågare enn 4,7 m over vegbana og lågare enn 2,5 m over fortau. Hekkar og buskar må ikkje veksa ut over eigedomsgrensa.

